



REFERAT FRÅ MØTE SAMARBEIDSUTVALET (SU) OG SKULEMILJØUTVALET(SMU) VED SLÅTTEN SKULE

Samarbeidsutvalet: Christian Moltu, leiar for elevrådet August Furnes Degnepoll, Ingeborg Grytten Tjugum nestleiar for elevrådet, Siri Walle Øen, Bernt Norevik, Oddbjørn Hole, Liv Horvei og Turid Irene Hatlem.

Skulemiljøutvalet: Christian Moltu, Torje Hirth, Agnethe Fløtre Bøyum, Astrid Iren Solheim, Siri Walle Øen, Bernt Norevik, Oddbjørn Vik Hole, Liv Horvei og Turid Irene Hatlem.

Tid: Onsdag 29. november 2023 kl. 18.00 – 19.30

Møtestad: Konferanserommet, Slåtten skule

Desse møtte:

Ingeborg Grytten Tjugum, August Furnes Degnepoll, Christian Moltu, Oddbjørn Hole, Agnethe Fløtre Bøyum, Turid Irene Hatlem, Siri Walle Øen, Astrid Iren Solheim, Bernt Norevik

Sak 6/23 Konstituere (SU/SMU)

Leiar: Christian Moltu

Nestleiar: Agnethe Fløtre Bøyum

Sak 7/23 Utleige av gymsal 2023 – 2024

I retningslinjene for utleige av gymsal skal barn og unge prioriterast.

Gratis utleige til a) heile klassar og b) alle gutar/jenter i ein klasse i samband med bursdagsfeiring.

Sak 8/23 Orientering om resultatata frå dei Nasjonale prøvene.

Engelsk: 49 skalapoeng

Rekning: 55 skalapoeng

Lesing: 49 skalapoeng

Usikkerheit 2,4-2,9.

Landsnitt 50 skalapoeng.

Vi ligg altså like under landsnitt i lesing og engelsk og over landsnitt i rekning i år. I år som

Telefon:	57 83 45 00	Rektor:	Turid Irene Hatlem	57 61 28 13	turid.hatlem@sunnfjord.kommune.no
Løvetann SFO:	48 11 46 75	Ass. rektor:	Asmund Friborg	57 61 28 39	asmund.friborg@sunnfjord.kommune.no
Skogstjerne SFO:	97 04 30 10	Dagleg leiar SFO:	Johnny Årdal	57 61 28 44	johnny.ardal@sunnfjord.kommune.no
Firkløveren SFO:	47 48 42 89	Konsulent:	Kristin Burø	57 83 45 00	kristin.buro@sunnfjord.kommune.no

tidlegare høgt i rekning. Vi bruker nok ein del tid på rekning og dette kan vere med på å påverke resultat.

Det finnast konkurransar i matematikk (MatteLab, MatteMaraton) som vi brukar ein del tid på. I lesing/engelsk er det ikkje tilsvarande tilbod.

Sak 9/23 Elevrådsrepresentantane fortel litt om skulemiljøet på Slåtten.

Slåttenreglar har vore arbeida med i FAU. Per no: Regelen i fokus er å lytte til beskjedar frå tilsette.

Isen er klar og bra, blir brukt.

Elevrådet: Mobil, klatrestativ/uteområde, etc.

Uteområdet på skulen er stort og har mange moglegheiter.

Mobiltelefonar: Skal vere avslått og i sekk. Ein del elevar har dei i lomma. Tilsette skal i utgangspunktet ta inn telefon då, kan hentast ved slutten av skuledagen. (Regel: Mobilen skal vere avslått og i sekken).

Det kan virke som oppfølging av denne regelen har "sklidd ut".

Møtet: Har skulen ein regel, må den bli handheva.

Kan vere aktuelt med ei påminning om at telefonen skal ligg avslått i sekk.
FAU kan ta opp mobilsaka.

SFO:

Sosialt fokus 1.-2.trinn. Utvikle sosial kompetanse. Stor barnegruppe i år. Barnegruppa vert diskutert på møte vekentleg. SFO samarbeidar med lærarane ut frå elevane/borna sine behov.

1. trinn: Fokus på leik og sosial samhandling i fysiske rammer som er tilpassa dette. Frileik tidleg på dag for å bygge gruppene (klassane).

Generelt: Mindre målstyrte og meir prosessorienterte; samstundes er vi nøye og opptekne av kartlegging.

Sak 10/23 Framdrift – Legene.

Økonomi: 15 000 i minus på prosjektkonto etter følgande utgifter:

Siste utgifter:

Entreprenørservice 28 000

Airlift 20 000

Mur-restaurering: 42 000

Neste steg: Sperrestove som skal restaurerast og flygast opp.

Sak 11/23 Ymse

Spørsmål om avvik, vist avvikssystem på møtet.

FAU har satt arbeidsgruppe HMS.

Dette skal diskutere skulemiljø og mobbing.

Skulen arbeider mot mobbing og krenkingar. HMS-utvalet ønsker å få innsyn i korleis skulen arbeider systematisk i denne samanhengen.

Fråver: Spørsmål om korleis tingenes tilstand er. Ein del fråver akkurat no pga. naturlege sesongvariasjonar (influensa, NORO, etc.). Generelt kan det verke som om terskel for å halde elevar heime frå skulen har vorten heva.

Bernt Norevik

- **Skrivar** -